



Jørn Ø. Sunde under ein temakveld i Uskedal kyrkje

Baroniet Rosendal har som vanleg lagt fram eit sommarprogram av særdeles høg klasse. Mellom dei mange konsertane med topp artistar er det også ein del interessante foredrag. Den utflytte uskedelingen Jørn Øyrehagen Sunde er ein av foredragshaldarane, og han kan vi høyra ved to høve.

Professor i rettshistorie dr. jur. Jørn Øyrehagen Sunde er fast foredragshaldar på Baroniet. Frå før han var omvisar der i feriane medan han studerte, har han vist stor interesse for historia til Baroniet og det som knyter seg til den. Med sin store kunnskap og med hjarta for slottet er den dyktige formidlaren kvart år på kulturprogrammet til Baroniet Rosendal. I år vert han altså å høyra ved to høve.

Første gongen er laurdag 8.juli. Då kjem han med foredraget **Menneska og livet innanfor slottsmurane på første halvdel av 1800-talet**. Denne dagen vil også Ulf Holmene halda eit foredrag ut frå slottet si historie.

Laurdag 26.august er Jørn Øyrehagen Sunde tilbake når det er historisk seminar under overskrifta Reformasjonen. Denne gongen har han kalla foredraget sitt **Kristoffer Rustung – Reformasjonen, Nordsjøen og litt Ville Westen**. På dette seminaret deltar også forfattar Elisabeth Aasen, professor Tarald Rasmussen og professor Gunnar Danbolt.

Martin Luther og reformasjonen er også tema når besøkjer Uskedal kyrkje med **Fem tesar om reformasjonen sine verknadar på vårt samfunn** fredag 8.september. Uskedal sokneråd er svært glade for at han kjem tilbake. Dei to temakveldane som har vore med Jørn tidlegare, har vore svært vellukka. Det har vore særdeles intreressant, kyrkja har vorte fylt, tilbakemeldingane har vore svært gode og mange har signalisert at dei ønskjer meir av denne kunnskapsrike og dyktige formidlaren.

Det flotte og fullstendige kulturprogrammet i Baroniet denne sommaren finn de ved å klikka [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen